



Førde kommune
Rådmannen

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Fylkesrådmannen
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Arve Seger
Tlf. 57612719

Vår referanse:
15/207-18-ASE-N01,

Dato:
10.09.2015

Sykkelbyen Førde - vidareføring av sykkelbyavtalen

I mai 2012 gjekk Statens vegvesen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune inn i ein avtale om Førde som ein sykkelby, Avtale for Sykkelbyen Førde vart underskriven 7. mai 2012. Avtalen har vore avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane. Avtalen er gyldig til 31. desember 2015.

Viktig arbeid i starten har vore å få på plass ein kommunedelplan trafikk Førde sentrum, der eit utstrakt sykkelvegnett for det sentrale Førde har blitt vedteken. Vidare har det i perioden også vore avgjerande å få eit vedtak i Stortinget for ein bompengepakke i Førde sentrum, Førdepakken. Finansieringa av eit nytt samanhengande sykkelvegnett er såleis sikra, og planlegging, prosjektering og etter kvart bygging av nye gang- og sykkelvegar i sentrum er i gang.

Førdepakken vil sikra at infrastrukturen for ein sykkelby vert bygd. Sykkelbyen har ei stor oppgåve i det å få syklistane ut på desse nye vegane som kjem. Målet i Førdepakken er mellom anna at forventet vekst i trafikken fram mot 2040 må takast med sykkel. Å endre folk sine vanar frå bilkøyring til sykkel inneber store utfordringar, og det bør nyttast ressursar i fleire år fram over for å få innbyggjarane ut på sykkel.

Førde kommune ser eit stort behov for at arbeidet med sykkelbyen vert vidareført også etter 2015. Førde kommune håpar at også Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune ser behovet, og vil halde fram avtalen for ein ny periode med mellom anna finansiering av prosjektleiarstillinga og andre ressursar. Vi ber om at sykkelbyavtalen blir forlenga for ein ny periode.

Med helsing

Ole John Østenstad
rådmann

Odd Harry Strømsli
Leiar byggesak og arealforvaltning

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

